




**ÅL KOMMUNE**

## **Tertialrapport – 1. tertial. 2020**



Til: Formannskapet

Frå: Rådmannen

Dato: Til handsaming i formannskap 2. juni. 2020





## Innhald

1. Rådmannen si oppsummering og prognose for året
2. Status på fokusområda
3. Budsjettt vs. rekneskap på ulike nivå i ulike rapportar
4. Viktige inntekts- og utgiftsposter
5. Investeringsprosjekt
6. Oppfølging politiske vedtak
7. Sektorleiar sine tertialsrapportar ( inkl. Hallingdal Barnevern)



## 1. Rådmannen si oppsummering



### **Bakgrunn:**

Rapportering på dei ulike nivå er viktig for å ha styring på økonomien. Fokus er på avvik, målsetjing og prognose for balanse både tertialvis og årleg.

### **Oppsummering:**

Fyste tertial i 2020 er sterkt prega av Covid-19 krise. Den medførte stenging av viktige samfunnsfunksjonar. Tilrettelegging og ivaretaking av kommunens innbyggjarar ved virusssmitte har vore fyrste prioritet. Ål kommune har hatt store utgifter – spesielt til innkjøp av smittevernsutstyr og auka bemanning i helse og oppvekst. Vi har til nå fått ca. 4,8 millionar ekstra gjennom rammeoverføring og skjønnsmidlar.

Det er vanskeleg å stadfeste eit årleg meir/mindreforbruk på nåverande tidspunkt – men vi følg nøye med.

Samla lønsutgift er viktig å følge. Kommunen har gått attende til å legge inn heile budsjettet 2020 i januar, dvs. ikkje periodisering på 12 måneder. Løn og sosialeutgifter synar eit forbruk på 35% pr. fyrste kvarta, noko som er under «normalen» i høve til eit jamt årsforbruk som budsjettet (36%). Ein del avvik på andre utgifter og inntekter skuldast i hovudsak periodisering og vil jamne seg ut til neste tertial.

Det er betalt inn omlag kr.4,2 mill. i avdrag på lån. Inntektene til kommunen er stort sett i rute i høve til budsjett, avvik er forklart under punkt 3. og 4.

## 2. Status på fokusområda

### **Medarbeidar og organisasjon:**

#### Sjukefråvær:

Legemeldt 1.tertial 2020 : 7,4 %

Legemeldt 1.tertial 2019 : 5,4 %



Første tertialet viser et høy legemeldt sjukefråvær som en følge av karantene og sjukemeldingar knyttet til covid-19. NAV og HAVA har utsatt arbeidet med dialogmøter og nærværarbeid, det forventast større aktivitet igjen før sommaren og ut hausten.

**Økonomi:** Mål på økonomi er gjennomgåande på alle nivå og alle einingar i kommunen.

Mål 1

*Budsjettramma pr. tertial og pr. år blir halde*

Løna ligg i tråd med budsjettet for 1.tertial.

Mål 2.

Avdelingane rapporterer i samsvar med årshjulet

Rapporteringa er presis og grei. KOSTRA er rapportert innan fristen.

Mål 3.

*Økonomirutinane er effektive og rasjonelle*

Det blir jobba kontinuerleg med effektivisering av arbeid og mogleg innsparingstiltak.

Mål 4.

*Fondsavsetningane er større ved neste årsskifte*

Overskotet frå 2019 på kr. 19,5 mill., styrker disposisjonsfondet i 2020.

### 3. Budsjett vs. Rekneskap

Tabellen under visar utgifter og inntekter for heile kommunen for perioden januar til april.2020.

|  | Regnskap     | Per.b(end)   | %-      | Regnskap     | Per.b(end)   | %-      |
|--|--------------|--------------|---------|--------------|--------------|---------|
|  | 2 020        | 2 020        | forbruk | 2 019        | 2 019        | forbruk |
| 10 Løn inkl sosiale utgifter               | 134 489 886  | 389 644 000  | 35      | 128 906 492  | 367 101 000  | 35      |
| 11 Kjøp av varer og tjen som inngår        | 36 006 156   | 80 383 709   | 45      | 35 505 535   | 79 106 000   | 45      |
| 13 Kjøp av vare og tjenester som erstatter | 30 809 215   | 61 136 247   | 50      | 26 625 243   | 57 773 000   | 46      |
| 14 Overføringer                            | 13 604 763   | 26 778 430   | 51      | 12 276 829   | 29 258 288   | 42      |
| 15 Finansutg                               | 9 763 305    | 92 427 439   | 11      | 6 140 295    | 88 485 891   | 7       |
| sum utgifter                               |              |              |         |              |              |         |
| 16 Salgsinnt                               | -25 119 738  | -69 601 000  | 36      | -28 469 576  | -69 532 000  | 41      |
| 17 Refusjoner                              | -12 340 535  | -117 857 725 | 10      | -19 870 192  | -107 238 000 | 19      |
| 18 Overføringer                            | -132 181 376 | -358 389 100 | 37      | -121 874 804 | -343 385 000 | 35      |
| 19 Finansinnt                              | -29 494      | -104 522 000 | 0       | -559 947     | -101 569 179 | 1       |
| sum inntekter                              |              |              |         |              |              |         |
| TOTALT                                     | 55 002 184   |              |         | 38 679 876   |              |         |

- 10 Løn er høgare enn i fjor, men innan for forventa forbruk for perioden (36%). I juni utbetalast ikkje vanlege løn, men feriepengane og variabelt løn. Difor blir et positivt avvik frå junimånad. Resultatet frå lønsoppgjør og føringar i kommuneproposisjonen vil bety mykje for korleis den økonomiske utviklinga blir resten av året.
- 11 Ein del lisensar og forsikringar er betalt tidleg på året. Ein del utgifter pga. Korona. Verneutstyr, materiell, inventar, spesialutstyr og anna utstyr visar ein auke.
- 13 Avviket skuldast barnevern teneste.



- 14 Avviket skuldast momsutgifter som ikkje er budsjettert. Har ein inntektssida også.
- 15 Avviket skuldast avskrivningar. Desse bokførast i desember.
- 16 Avvik på inntektene gjeld ein nedgang på brukarbetaling, eigenandelar, diverse avgiftsfrie sals- og leigeinntekter, billettinntekter (kino), husleigeinntekter.
- 17 Sjukepengerefusjonar kjem løpende og kan ta opp til to månader å få dei på den respektive perioden. Refusjon for ressurskrevjande brukar kommer seinare. Fleire refusjonar frå andre kommunar vedr. samarbeid er sendt ut seinare samanlikna med fjoråret. Hallinghelse, PPT, interkommunal legevakt m.a. er ikkje med i 1.tertial. IMA er fakturert i mai.
- 18 Frie overføringar er som forventa. Her ligg skatt og ramme og integreringstilskot.
- 19 Avviket på finansinntekta skuldast at bruk av fond, motpost for avskrivningar førast i periode. Renter av bankinnskot er ikkje ført pr. 30.4.2020.

#### 4. Viktige inntekts- og utgiftspostar

| Utgifts- og inntektsdrivarar              | Pr. 1. tertial 2020 | Budsjett pr.år | Pr. 1. tertial 2019 | Merknad                         |
|---|---------------------|----------------|---------------------|---------------------------------|
| Skatteinntekt                             | 52 319 359          | 148 831 000    | 50 932 542          | kr. 1,4 mill høgare enn 2019    |
| Rammetilskot                              | 59 488 983          | 156 246 000    | 57 723 625          | kr. 1,8 mill høgare enn 2019    |
| Eigedomsskatt næring (gamle verk og bruk) | -12 503 423         | -24 200 000    | 12 142 586          |                                 |
| Eigedomsskatt annan fast eigedom          | -6 284 186          | -12 150 000    | 5 801 625           |                                 |
| Integreringstilskot                       | -589 000            | 9 271 000      | 2 233 750           | skulle ha vore ført ca. 900 000 |
| Fast løn                                  | 96 055 119          | 271 975 000    | 91 598 612          |                                 |
| Sosiale ytingar                           | 13 132 387          | 35 937 000     | 12 314 214          | Arg.gj.avg.                     |
| Pensjonskostnad                           | 12 869 910          | 46 884 000     | 12 198 108          |                                 |
| Kraftinntekt/overføring frå Ål kraftverk  |                     | 29 700 000     |                     | kr. 27 000 000 i 2019           |

| SKATTEOPPGJØR 2020 - ÅL KOMMUNE |                    |                    |                    |                    |                    |                    |                    |              |            |       |
|---------------------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------|------------|-------|
|                                 | INNGANG            | INNGANG            | INNGANG            | INNGANG            | INNGANG            | INNGANG            | INNGANG            | %BUDSJ.      | DIFF.      | DIFF. |
|                                 | 2014               | 2015               | 2016               | 2017               | 2018               | 2019               | 2020               | 2019         | FORRIGE ÅR | %     |
| Januar                          | 12 556 787         | 12 616 719         | 13 529 625         | 14 575 198         | 15 466 543         | 15 866 039         | 16 506 209         | 11,09        | 640 170    | 4,03  |
| Februar                         | 6 321 098          | 6 288 053          | 6 335 503          | 5 818 453          | 6 027 774          | 6 964 301          | 7 326 392          | 4,92         | 362 091    | 5,20  |
| Mars                            | 16 921 784         | 17 769 066         | 18 991 913         | 20 252 468         | 20 588 699         | 21 132 821         | 21 768 286         | 14,63        | 635 465    | 3,01  |
| April                           | 6 214 159          | 6 401 618          | 6 035 253          | 5 771 528          | 5 996 670          | 6 969 381          | 6 718 471          | 4,51         | -250 910   | -4,16 |
| Mai                             | 18 779 242         | 19 304 831         | 21 915 365         | 22 465 227         | 24 376 903         | 23 879 569         |                    |              |            | 0,00  |
| Juni                            | 1 847 288          | 1 692 844          | 1 591 918          | 1 433 488          | 799 120            | 595 772            |                    |              |            | 0,00  |
| <b>Sum 1. halv år</b>           | <b>62 640 358</b>  | <b>64 073 131</b>  | <b>68 399 577</b>  | <b>70 316 362</b>  | <b>73 255 709</b>  | <b>75 407 883</b>  | <b>52 319 358</b>  | <b>35,15</b> |            |       |
| Juli                            | 11 844 894         | 12 837 345         | 13 175 124         | 13 741 966         | 14 442 326         | 15 361 390         |                    |              |            | 0,00  |
| August                          | 1 262 127          | 1 308 425          | 2 067 181          | 2 588 278          | 1 355 484          | 1 482 349          |                    |              |            | 0,00  |
| September                       | 17 587 659         | 19 162 172         | 21 089 355         | 22 298 868         | 22 902 560         | 24 230 312         |                    |              |            | 0,00  |
| Oktober                         | 508 307            | -1 053 451         | 1 505 893          | -340 192           | 2 382 413          | -2 447 176         |                    |              |            | 0,00  |
| November                        | 18 497 032         | 21 935 032         | 22 182 416         | 28 752 322         | 26 286 760         | 31 350 159         |                    |              |            | 0,00  |
| Desember                        | 594 669            | 1 700 513          | 927 023            | 1 069 256          | 956 137            | 639 400            |                    |              |            | 0,00  |
| <b>Sum 2. halv år</b>           | <b>50 294 688</b>  | <b>55 890 036</b>  | <b>60 946 992</b>  | <b>68 110 498</b>  | <b>68 325 680</b>  | <b>70 616 434</b>  |                    |              |            |       |
| <b>Totalt - år</b>              | <b>112 935 046</b> | <b>119 963 167</b> | <b>129 346 569</b> | <b>138 426 860</b> | <b>141 581 389</b> | <b>146 024 317</b> |                    |              |            |       |
| <b>Budsjett</b>                 | <b>118 000 000</b> | <b>117 000 000</b> | <b>123 000 000</b> | <b>127 600 000</b> | <b>131 027 000</b> | <b>140 192 000</b> | <b>148 831 000</b> |              |            |       |

Tabellen under visar sum bruk på avdelingane pr.1.terial. 2020. Administrasjonen vil sjå nærare på bruken til dei som har brukt meir enn 33 % av budsjettet etter fyrste Dei fleste større forbruk har ein naturleg forklaring som ikkje utan vidare medfører årleg budsjettsprekk.



| Avdeling |                               | Regnskap           | Per.b(end)         | %-        | Regnskap           |
|----------|-------------------------------|--------------------|--------------------|-----------|--------------------|
|          |                               | 2 020              | 2 020              | forbruk   | 2 019              |
| 1010     | Rådmann                       | 3 214 173          | 8 892 500          | 36        | 2 547 787          |
| 1011     | Hallinghelse                  | 1 662 231          | 795 000            | 209       | 1 702 581          |
| 1020     | Personalsjef                  | 1 799 693          | 6 470 000          | 28        | 2 072 840          |
| 1050     | Servicetenester               | 3 198 687          | 9 674 188          | 33        | 3 282 644          |
| 1060     | EDB-konsulent                 | 4 130 674          | 10 718 809         | 39        | 3 666 339          |
| 1090     | Felles barnevern - Hallingdal | 20 021 663         | 9 248 000          | 217       | 18 616 496         |
| 2000     | Oppvekstleiar                 | 1 690 728          | 4 231 000          | 40        | 2 318 547          |
| 2010     | PPT for Ål og Hol             | 300 029            | 3 467 000          | 9         | 339 105            |
| 2020     | Barnehagar - felles           | 61 882             | 291 000            | 21        | 15 416             |
| 2021     | Nordbygdane barnehage         | 1 265 887          | 3 594 000          | 35        | 1 177 078          |
| 2022     | Skattebøl barnehage           | 1 582 759          | 4 316 000          | 37        | 1 429 367          |
| 2023     | Sundre barnehage              | 5 056 616          | 13 754 000         | 37        | 4 334 746          |
| 2024     | Torpo barnehage               | 1 420 685          | 4 130 000          | 34        | 1 242 238          |
| 2025     | Sando kommunale barnehage     | 1 453 472          | 3 997 000          | 36        | 1 428 584          |
| 2030     | Skular - felles               | 1 418 112          | 6 119 000          | 23        | 1 402 514          |
| 2031     | Leveld skule                  | 3 372 581          | 7 999 000          | 42        | 3 578 126          |
| 2032     | Nedre-Ål skule                | 9 023 372          | 19 342 000         | 47        | 8 335 339          |
| 2034     | Skattebøl skule               | 2 513 627          | 5 710 000          | 44        | 1 946 018          |
| 2035     | Torpo skule                   | 3 430 528          | 7 509 000          | 46        | 2 780 825          |
| 2037     | Ål ungdomsskule               | 10 199 685         | 22 272 000         | 46        | 8 968 701          |
| 2050     | Musikk- og kulturskule        | 1 289 087          | 2 778 000          | 46        | 1 297 701          |
| 2060     | Leirskule                     | 32 354             | 0                  | 0         | 404                |
| 2080     | Helsestasjon                  | 1 778 630          | 3 732 000          | 48        | 1 515 150          |
| 2090     | Innvandrartenesta             | 2 566 736          | 6 370 000          | 40        | 2 946 247          |
| 2999     | Oppvekst øymerka midlar       | 0                  | 0                  | 0         | -1 374 441         |
| 3000     | Sektorleiar helse- og omsorg  | 2 342 118          | -13 293 000        | -18       | 777 383            |
| 3010     | Intermediær avdeling          | 4 674 562          | 4 784 000          | 98        | 3 535 969          |
| 3020     | Legeteneste                   | 3 996 098          | 9 530 000          | 42        | 3 262 559          |
| 3021     | Interkommunal legevakt        | 3 101 763          | 2 941 000          | 105       | 2 636 241          |
| 3030     | Ergo-/fysioterapi             | 2 902 065          | 8 203 000          | 35        | 2 537 899          |
| 3040     | NAV                           | 244 978            | 6 432 000          | 4         | 382 206            |
| 3050     | Stugu                         | 10 103 050         | 27 602 000         | 37        | 9 779 213          |
| 3060     | Tunet/natt                    | 3 443 638          | 8 419 000          | 41        | 3 075 416          |
| 3070     | Tunet/natt                    | 3 823 088          | 11 444 000         | 33        | 3 696 050          |
| 3080     | Miljøterapiavdeling 2         | 7 413 391          | 19 201 000         | 39        | 6 808 689          |
| 3090     | Miljøterapiavdeling 1         | 6 525 928          | 17 087 000         | 38        | 6 142 228          |
| 3100     | Psykisk helse og rus          | 3 475 671          | 10 332 000         | 34        | 3 316 521          |
| 3120     | Heimetenesta                  | 9 147 852          | 27 784 000         | 33        | 8 990 172          |
| 3999     | Øymerka tilskot helse         | 0                  | 0                  | 0         | -29 303            |
| 5000     | Kultur                        | 1 975 825          | 4 272 000          | 46        | 1 769 057          |
| 5010     | Kulturhus                     | 2 596 847          | 4 701 000          | 55        | 1 488 444          |
| 5030     | Bibliotek                     | 1 071 753          | 3 048 000          | 35        | 891 902            |
| 6000     | Drift og utvikling            | 7 566 505          | 9 830 764          | 77        | 4 622 454          |
| 6010     | Veg og park                   | 5 055 591          | 17 111 400         | 30        | 4 847 793          |
| 6020     | Utvikling                     | 6 072 045          | 15 569 000         | 39        | 1 550 560          |
| 6030     | Reinhold                      | 5 063 115          | 14 361 000         | 35        | 4 547 292          |
| 6040     | Byggforvaltning               | 6 135 349          | 13 648 000         | 45        | 8 076 589          |
| 6050     | Vedlikehald kommunale bygg    | 1 682 208          | 4 250 000          | 40        | 2 093 708          |
|          | <b>TOTALT</b>                 | <b>180 897 331</b> | <b>392 666 661</b> | <b>46</b> | <b>160 369 395</b> |



| Budsjetteining               | Merknad  |
|------------------------------|--|
| Hallinghelse                 | Ein del av utgifter finansierast med fond seinare.   |
| Felles barnevern             | Refusjonskrav for 1. tertial er ikkje med  |
| Oppvekstsektor               | Ein del ekstrautgifter pga. Korona   |
| Musikk og kulturskule        | Faktura for 1. halvår blir sendt i mai   |
| Innvandraratenesta           | Manglar ein del refusjonar   |
| Sektorleiar helse- og omsorg | Tilskot ressurskrevjande brukar kjem i slutten av året   |
| Interkommunal legevakt       | Refusjonskrav for 1. tertial er ikkje med  |
| Kultur                       | Dei fleste tilskot er utbetalt for heile året og det er inntektstap pga Korona.                |
| Drift og utvikling           | Ål sin del til Hallingdal brann og redningsteneste for heile året er utgiftsført               |
| Byggforvaltning              | Nokon store utgifter som forsikringar, kommunale avgifter blir belasta rekneskapen 1. tertial. |

## 5. Bruk på investeringsprosjekt – rekneskap vs. budsjett

| Nr  | Prosjekt                                 | Regnskap          | Buds(end)         | Avvik(per.)       |
|-----|--|-------------------|-------------------|-------------------|
|     |  | 2020              | 2020              |                   |
| 2   | Gangveg Gullhagen                        | 0                 | 500 000           | 500 000           |
| 3   | Møbler til Stugu                         | 0                 | 400 000           | 400 000           |
| 5   | Vognsku Sundre barnehage                 | 0                 | 250 000           | 250 000           |
| 6   | Ny brønn Torpo VV ved Hallingselva       | 0                 | 2 000 000         | 2 000 000         |
| 13  | Næringstomter Wangen Torpo               | 65 604            | 17 000 000        | 16 934 396        |
| 40  | Oppussing Nedre Ål skule                 | 10 259            | 1 300 000         | 1 289 741         |
| 66  | Trafikksikring/Trafikk                   | 6 978             | 2 250 000         | 2 243 022         |
| 81  | Mur - Nedre Ål skule                     | 14 537            | 0                 | -14 537           |
| 85  | Bustad-/næringstomt                      | -56 325           | 400 000           | 456 325           |
| 87  | IKT-utstyr oppvekst                      | 40 057            | 500 000           | 459 943           |
| 92  | Renovasjonspunkt                         | 216 644           | 300 000           | 83 356            |
| 93  | Verkstaden på Oppsjø                     | 3 778             | 0                 | -3 778            |
| 95  | Velferdsteknologi                        | 0                 | 300 000           | 300 000           |
| 102 | Kloakkløysing for Leveld                 | 30 632            | 0                 | -30 632           |
| 103 | Ål kulturhus utbygging                   | 2 075 720         | 0                 | -2 075 720        |
| 111 | Etableringslån/startlån                  | 898 115           | 0                 | -898 115          |
| 117 | Digitale tryggingssalarmar               | 0                 | 200 000           | 200 000           |
| 121 | Overføringsledning Votndalen             | 8 466 189         | 2 707 000         | -5 759 189        |
| 124 | Renovering av leiligheter Brattekakken   | 173 594           | 600 000           | 426 406           |
| 125 | Utsifting av maskiner veg og park        | 0                 | 400 000           | 400 000           |
| 126 | Gateljos                                 | 35 320            | 300 000           | 264 680           |
| 127 | Turveg Oppsjø                            | 0                 | 920 000           | 920 000           |
| 129 | Tilrettelegging Stugu ventilasjon        | 214 001           | 0                 | -214 001          |
| 132 | Prestegardsjordet- avd.miljøterapi       | 967 261           | 500 000           | -467 261          |
| 133 | Sentrumsutvikling                        | 8 250             | 600 000           | 591 750           |
| 134 | Brannforsikring rømningsveg av Stugu     | 58 132            | 0                 | -58 132           |
| 137 | Oppussing av Leveld skule og ventilasjon | 112 320           | 0                 | -112 320          |
| 140 | Rehabilitering hovudledning Bekkefaret   | 0                 | 3 000 000         | 3 000 000         |
| 141 | Fellespott utstyr/inventar               | 17 900            | 450 000           | 432 100           |
| 171 | Asfaltering/vegvedlikehald               | 0                 | 3 500 000         | 3 500 000         |
| 172 | Rehabilitering vatn/kloakk               | 111 918           | 500 000           | 388 082           |
| 173 | Geovekst/digitalt kartverk               | 0                 | 125 000           | 125 000           |
| 174 | Grunnkjøp                                | -93 719           | 200 000           | 293 719           |
|     | <b>TOTALT</b>                            | <b>13 377 163</b> | <b>39 202 000</b> | <b>25 824 837</b> |

**Kommentar til investeringar:**Eiga sluttmelding kjem til politisk handsaming der prosjekta går over fleire budsjettperiodar. Restramme frå 2019 blir handsama i egen sak den 2.juni.2020.

## 6. Oppfølging politiske vedtak

Sjå rapportane frå sektorane.





# Sektorane sine tertialrapportar

Frå ansvarsområde: **Helse og omsorg, 3000-3120**

Resultatansvarleg: Borghild Ulshagen

Tertial: **1. tertial. 2020**

## Oppsummering

Det har vore generelt høgt press på tenestene i denne perioda. I mars vart helsesektoren sett under ytterlegare høgt press som fylgje av koronaepidemien,- t.d. vart det etablert eigen smittevernavdeling med inntil 10 rom, legevakt med mottak for testing av sjuke, kurs og kompetansehevande tiltak innan smittevern til alt personell, utarbeiding og oppdateringar av nye rutinar og prosedyrar, smittesporingsgruppe, chattetelefon i psykisk helse, og heimekontorløyisingar.

Interkommunal koronatelefon vart etablert for å avlaste legetenesta. Det har vore store utfordringar med tilgang på godkjent smittevernutstyr og anna medisinsk utstyr. Frivillige sydde smittefrakkar og munnbind som kriseløysing – eit flott tiltak. Kjøp av godkjent smittevernutstyr har vorte kostnadskrevjande, men heilt nødvendig for å sikre brukarar og tilsette frå smitte.

Koronapandemien har påført sektoren endra arbeidsoppgåver og utvida bruk av vikarar. Fleire avdelingar, både brukarar og tilsette, har vorte sett i karantene. Fleire tilsette har brukt omsorgsdagar som fylgje av at barnehage/skule har vore stengt. På eit tidspunkt var 4 av 8 avdelingsleiarar i heimekarantene.

Pasient-talet har gått ned i fleire avdelingar,- og ført til redusert bruk av vikarar. Sektoren har likevel vore i konstant fagleg beredskap for å vere rusta for å ta i mot koronapasientar. Hallingdal har ikkje hatt nye tilfelle av smitta sidan påske. Tenestene går no mot normaldrift og opnar opp att sakte etter nasjonale føringar.

Det er nedsett ei interkommunal arbeidsgruppe for å sjå på ei mogleg interkommunal smitteavdeling. Både leiarar, tilsette, tillitsvalte og samarbeidande sektorar må rosast for høg fleksibilitet, kreativitet og innsats i ei turbulent og krevjande tid. Tenester som er gjeve har vore av god kvalitet. Den største utfordringa i 1.tertial er generelt lønn og høge utgifter til beredskapsarbeid, i tillegg til ekstra utgifter til enkeltbrukarar i fleire av tenestene våre.

*Kommunalsjefen er bekymra for om sektoren vil klare å halde seg innan tildelt ramme i 2020.*

## Rekneskap i høve til budsjett:

Budsjettpostar med vesentlege avvik i høve til budsjett vert kommenterte under. Matematisk forbruks % på lønn (dei fleste utgifter) pr. 30.04.20 er 31 %.

| H  | Grp Ansvar: 3 Helse & Sosial            | Regnskap   | Per.b(end)  | %-      | Regnskap   | Per.b(end)  | %-      |
|----|---|------------|-------------|---------|------------|-------------|---------|
|    |   | 2 020      | 2 020       | forbruk | 2 019      | 2 019       | forbruk |
| 10 | Løn inkl sosiale utgifter               | 47 093 668 | 149 994 000 | 31      | 46 014 727 | 142 171 000 | 32      |
| 11 | Kjøp av varer og tjen som inngår        | 6 941 011  | 11 239 000  | 62      | 5 855 499  | 11 174 000  | 52      |
| 13 | Kjøp av vare og tjenester som erstatter | 13 198 754 | 27 367 000  | 48      | 12 831 314 | 26 882 000  | 48      |
| 14 | Overføringer                            | 778 645    | 4 224 000   | 18      | 2 084 897  | 4 469 000   | 47      |
| 15 | Finansutg                               | 5 149      | 632 000     | 1       | 10 030     | 655 000     | 2       |
| 16 | Salgsinnt                               | -3 686 458 | -13 030 000 | 28      | -3 506 160 | -12 910 000 | 27      |
| 17 | Refusjoner                              | -2 138 220 | -41 360 000 | 5       | -8 794 523 | -37 103 000 | 24      |
| 18 | Overføringer                            | -1 005 149 | 0           | 0       | -10 030    | 0           | 0       |
| 19 | Finansinnt                              | 0          | 0           | 0       | -25 129    | 0           | 0       |
|    | Sum h Grp Ansvar: 3 Helse & Sosial      | 61 187 400 | 139 066 000 | 44      | 54 460 625 | 135 338 000 | 40      |



Noter til rekneskapet:

1. Sektoren bør ligge litt lågt i % for å klare ferieavviklinga. Vi har pr dags dato høge ekstraavgifter til enkeltbrukarar. Utgifter til BPA (brukarstyrt personleg assistent),avlasting og omsorgslønn ligg også høgt.
2. IMA utgiftene er unormalt høge i fyrste tertial. Låg beleggsprosent skapar utfordringar for sektorens økonomi.  
Ein del utgifter til prosjekt er ført, medan midlar frå 2019 ikkje er overført enda. Fondsmidlar vert saldert ved årets slutt.  
Utgifter til vikarbyrå ligg i kontoklasse 11.
3. Overføringar er ikkje jamt fordelt men periodisert. MVA utgifter budsjetterast ikkje, utgiftene først på 14 og inntektene på 17.
4. Refusjon kostnadskrevjande brukarar vert ikkje ført før i desember. Refusjonsordninga har stadig strengare kriterier og høgare innslagspunkt. Det fører til at kommunen får færre utgifter refundert og dermed lågare inntekter. Pr. fyrste tertial tilsvarar refusjon ca kr 6.500.000
5. Refusjonar/oppgjer på interkommunale tiltak blir overført seinare på året.

### **Avvik frå normal drift**

Helse og omsorgssektoren kjenner auka påtrykk på helse- og omsorgstenesta generelt. Det blir meldt om nye behov for omfattande tenester til einskildebuarar. For å halde fagleg forsvarleg drift er sektoren avhengig av vikarar til dømes på natt. Koronaepidemien har påført utgifter til beredskap og utforming av eit forsvarleg tenestetilbodet for å møte varsle utfordringar.

Det har generelt vore meldt om færre pasientar både i spesialisthelsetenesta og i den kommunale helsetenesta i månadene med korona. Beleggsprosenten på IMA har dette kvartalet gått jamt nedover og er no foruroligande låg – med 51 % i april – prosentsatsen for april gir eit sannsynleg inntektstap på om lag 500.000 (For at budsjettet for IMA går i balanse bør beleggsprosenten vere 82 %). Det pågår eit kontinuerleg samarbeid med HSS for å finne løysingar.

### **Oppfølging av politiske vedtak**

Alt er i rute.

.....  
Frå ansvarsområde: **Oppvekst 2000-2090**

Resultatansvarleg: Vegar Hoel

Tertial: **1. tertial. 2020**

---

### **Oppsummering**

2020 starta med at Ål vaksenopplæring flytta inn i nye lokale i Ål kulturhus. Dette har vore eit stort lyft for skulen og no har elevar og lærarar endeleg fått gode arbeidstilhøve for læring og utvikling.

Barnehagar, skular og hjelpetenestene er med i det regionale prosjektet «Inkluderande barnehage- og skulemiljø». Prosjektet har gått over to år og skal vidareførast i to nye år. Barnehagane er i slutfasen av implementering av ny rammplan, medan skulane no også har fokus på fagfornyninga.

Helsestasjonen mottok prosjektmidlar til to prosjekt. Styrking og utvikling av helsestasjon- og skulehelsetenesta og til foreldrerettleiing, eit prosjekt i samarbeid med Innvandrartenesta. Totalt utgjør dette om lag 100 % stilling.

Frå januar fekk skular og barnehagar tilgang på logoped/audiopedagog. Stillinga er fagleg og administrativt lagt til PPT for Ål og Hol, men tenesta blir berre gjeve til skular og barnehagar i Ål.



Pr. 25.05.2020 er det født 24 barn i Ål, det er godt nytt i eit tid som har vore prega av nedgang i fødselstala. I 2019 vart det født 39 barn.

I tilsettingsarbeidet opplever sektoren at det blir stadig tyngre å rekruttere fagfolk, særleg til pedagogiske stillingar og leirstillingar.

Drift av oppvekstsektoren fekk ei brå vending 12. mars, då alle skular og barnehagar vart stengt pga Covid-19 pandemien. Også vaksenopplæring og kulturskulen vart stengt. Skulane starta opp med heimeundervisning frå 16. mars og no kunne Ål kommune verkeleg nyte godt av IKT-satsinga dei siste åra. Frå 27. april opna skulane opp att for 1.-4. trinn og SFO, og frå 11. mai opna skulane for 5.-10. trinn. Elevar på 5.-10. trinn har framleis noko heimeundervisning. Barnehagane vart stengt fram til 20. april. Ål vaksenopplæring er i gang att frå 11. mai og kulturskulen er no også i ferd med opne opp att for ein del undervisning.

Situasjonen med Covid-19 pandemien gav tilsette i oppvekstsektoren heilt nye utfordringar. Det kom nasjonale smitterettleiarar som skulle fylgjast og dette har skapt mange spørsmål og utfordringar med organisering av barn og elevar i kohortar og reinhald av leiker og utstyr. Dei tilsette har vist stor vilje til tilpassing og fleksibilitet. Det er framleis redusert opningstid i både skular og barnehagar, men dette er heilt nødvendig for å kunne gjennomføre dei tiltak som er bestemt. Oppvekstsektoren har hatt eit godt samarbeid med kommunelegen, samt leiarane på helsestasjonen og reinhald for å løyse utfordringar og få kunnskap til å stå i det arbeidet som no har vore nødvendig.

Stor honør til alle tilsette i oppvekstsektoren for det arbeidet som no er lagt ned. Samtidig blir det meldt om at tilsette er slitne, det er bekymringar rundt vikarsituasjonen og det kjem reaksjonar frå føresette om at oppvekstsektoren ikkje klarar å utvide opningstida og ha eit beredskapstilbod med lang nok opningstid.

### **Rekneskap i høve til budsjett:**

| H  | Grp Ansvar: 2 Oppvekst                  | Regnskap<br>2020 | Per.b(end)<br>2020 | %-<br>forbruk | Regnskap<br>2019 | Per.b(end)<br>2019 | %-<br>forbruk |
|----|---|------------------|--------------------|---------------|------------------|--------------------|---------------|
| 10 | Løn inkl sosiale utgifter               | 49 259 629       | 131 169 000        | 38            | 46 068 762       | 127 712 000        | 36            |
| 11 | Kjøp av varer og tjen som inngår        | 3 152 272        | 7 438 000          | 42            | 2 974 018        | 7 436 000          | 40            |
| 13 | Kjøp av vare og tjenester som erstatter | 0                | 750 000            | 0             | 0                | 795 000            | 0             |
| 14 | Overføringer                            | 484 791          | 350 000            | 139           | 455 538          | 350 000            | 130           |
| 16 | Salgsinnt                               | -1 963 425       | -7 969 000         | 25            | -2 726 989       | -8 399 000         | 32            |
| 17 | Refusjoner                              | -2 517 555       | -12 627 000        | 20            | -4 016 773       | -12 219 000        | 33            |
| 19 | Finansinnt                              | 1000             | 0                  | 0             | 0                | -2 600 000         | 0             |
|    | Sum Ansvar: 2 Oppvekst                  | 48 416 713       | 119 111 000        | 41            | 42 754 556       | 113 075 000        | 38            |

### **Kommentar til rekneskapet**

Etter 1. kvartal bør lønsbudsjettet vere på om lag 36 %, og totalt forbruk på 33 %. Forbruk på begge dimensjonane etter 1. tertial er litt for høgt. Avdelingane i oppvekst må vere merksam på dette og prøve justere seg inn så godt dei klarar.

Ein del refusjonar er ikkje kome inn i rekneskapet for 1. tertial. Det manglar m.a. sjukelønsrefusjon, refusjon for gjesteelevar og for norskopplæring. Refusjon i samband med PPT for Ål og Hol er heller ikkje kome inn i rekneskapet. Det same gjeld ulike prosjekt som blir finansierte frå andre instansar.

Det vil ikkje bli sendt ut krav om foreldrebetaling for barnehage, SFO og kulturskule i perioden som det var stengt i samband med covid-19 pandemien. For barnehage og SFO vil dette bli finansierte med ekstraløying frå staten. Førebels er dette ikkje inntektsført på den einskilde barnehage og SFO.



Kulturskulen er ikkje omfatta av den same ordninga og må finne annan måte og dekke inn tapet på, td. blir det færre produksjonar denne våren.

### **Oppfølging av politiske vedtak**

Prosjektleiar følgjer opp vedtak om 1:1 innføring av læringsbrett og pc. Framdrift i samsvar med prosjektplan. Prosjektet går no meir over på bruk av IKT i undervisninga og meir målretta innføring i barnehagane.

